



Rennesøy kommune
v/kommunalsjef Johan Vatne

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Varsel om tilsyn

Rennesøy kommune og Vikevåg skule får tilsyn

Fylkesmannen har som oppgåve å føre tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Når vi gjennomfører tilsynet, skal vi ha tilgang til dokumentasjon og skulen sine lokale dersom tilsynet krev det. Tilsynet går ut på å kontrollere om Rennesøy kommune følgjer regelverket i opplæringslova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi praksis ved Vikevåg skule. Rennesøy kommune og Vikevåg skule er valde ut på bakgrunn av kor sannsynleg det er at krava i regelverket ikkje er oppfylte, og kva for konsekvensar det kan få for elevane. Denne risikovurderinga byggjer på informasjon fylkesmannen har frå GSI.

Tema for tilsynet

Temaet for tilsynet er minoritetsspråklege elevar sine rettar, og vi kontrollerer

1. Minoritetsspråklege elevar sin rett til særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8
2. Kommunen sitt forsvarlege system for å sikre at denne retten blir oppfylt, jf. opplæringslova § 13-10

Føremål med tilsynet

Det overordna målet med tilsynet er å medverke til at minoritetsspråklege elevar i grunnskulen får oppfylt retten sin til særskilt språkopplæring. Dette er ein individuell rett, og gjennom kontroll med skuleeigar og skulane si etterleving av lovkrava, skal moglege forhold som er i strid med lova avdekkjast, og gjennom pålegg om endring skal slike forhold rettast opp.

Gjennomføring av tilsynet

Tidspunktet for gjennomføring av tilsynet er 08.11.2018. Då vil vi ha eit opningsmøte og deretter vil vi intervjuje elevar, lærarar, skuleleing og kommunalsjef for å innhente informasjon om skulen sin praksis. Vi sender forslag til tidsplan seinast éi veke før vi kjem. Vi vil ha sluttmøte etter tilsynet den 05.12.2018.

Tilsynet går føre seg på følgjande måte:

- Kommunen sender inn dokumentasjon.
- Fylkesmannen kontrollerer dokumentasjonen.
- Vi hentar i tillegg informasjon frå våre eigne system, offentlege register og informasjon på nettstaden til kommunen og skulen.
- Vi intervjuar sentrale personar i kommunen og ved skulen.
- Vi vurderer informasjonen om skulen sin praksis opp mot regelverket.
- Vi utarbeider ein rapport der vurderingane og konklusjonane våre kjem fram.
- Dersom vi finn brot på regelverket, skriv vi ein førebels rapport. Kommunen kan uttale seg om innhaldet før vi eventuelt lagar ein endeleg rapport med rettefrist.
- Vi publiserer den ferdige rapporten på heimesida vår.

- Dersom vi framleis finn brot på regelverket etter rettefristen, gjer vi eit vedtak.
- Kommunen får eit eige brev når vi avsluttar tilsynet.

Reglane for framgangsmåten omtalt ovanfor, finn de her:

- Innhenting av dokumentasjon: Opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c.
- Førehandsvarsel om rett til å uttale seg: Forvaltningslova § 16.
- Rettefrist før vedtak med pålegg om retting: Kommunelova § 60 d.
- Tilsynsrapportar er offentlege: Offentleglova § 3.

Kommunen må sende inn dokumentasjon

De har plikt til å sende inn dokumentasjon som vi har beskrive i lista under, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 60 c. Fristen er 28.09.2018.

Fylkesmannen ber om å få tilsendt følgjande dokumentasjon:

1. Frå skuleeigar:

- a) Skuleeigar sitt skriftlege system for minoritetsspråklege elever si språkopplæring (rutinar for kartlegging og vurdering, organisering av opplæringa, enkeltvedtak m.m.)
- b) Kort utgreiing om kommunen sitt system for minoritetsspråklege elever si språkopplæring og kommunen si organisering av opplæringa
- c) Organisasjonskart for Rennesøy kommune
- d) Delegeringsreglement for kommunen
- e) Tilstandsrapport for kommunen (jf. § 13-10, andre ledd)
- f) Alle enkeltvedtak om særskilt språkopplæring for skuleåret 2018/19 på andre skular enn Vikevåg skule, og alle vedtak om avslag dersom slike finst
- g) Annan dokumentasjon som kommunen meiner er relevant

2. Frå Vikevåg skule:

- a) Rutinar for arbeidet med minoritetsspråklege elevar
- b) Alle enkeltvedtak om særskilt språkopplæring for skuleåret 2018/19 (dvs. vedtak om særskilt norsk, tospråkleg fagopplæring og morsmålsopplæring, og tilhøyrande kartlegging som ligg til grunn for vedtaka)
- c) Alle vedtak om avslag dersom slike finst
- d) Annan dokumentasjon som skulen meiner er relevant for tilsynet

Det kan bli aktuelt å be om meir dokumentasjon.

Med helsing

Sølvi Ona Gjøl
utdanningsdirektør

Thomas Wegner Thomassen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Thomas Wegner Thomassen
Saksbehandlar telefon: 51 56 87 28
E-post: fmrotwt@fylkesmannen.no

Vedlegg: Rettslege krav